

Uskedalen, 17. november 1942.

FRAA  
Uskedal ungdomslag,  
Uskedalen.

Til Noregs ungdomslag Vestlandssamkipnad,  
v/herr Dagvald Bakke,  
Bergen.

Vi har teke mot Dykkar rekommenderte brev av 6.ds.  
og har merka innhaide.

Styret i Uskedal ungdomslag veit ikkje um at det har gjort noko gale i denne sak. Det som har hende i denne saker at alle lagsfolk (med undantak av styret) har sendt skriftleg utmeidin etter at nyordningi innan Noregs ungdomslag vart kjeng. Og vi vil gjerne gjera Dykk kjend med at styret bad ingen um aa meida seg ut.  
- Ell onnor sak er at styret og er usamd med nyordningi, og skreiv straks til Noregs ungdomslag og bad seg loyste irraa umbodi sine.

men vi vil gjerne segja irraa um at vi har ikkje  
gaatt irraa umbodi vaare i styret so lenge som vi hadde ikkje er vo  
vorten loyste irraa dei. Vi har heller ikkje faatt laget opployst  
eller nedlagt.

Og laget si eiga er vi ansvarleg for no som ryrr,  
og all laget sin eigedom har vi teke vare paa so langt som vi har makta.

Men alle som er litt kjende med praktisk lagsarbeid  
vil skyna at 4 styremedlemmar (vi er berre 4 no, siden ei av gjenton  
er gaatt over i det kristelige ungdomslaget) ikkje kann haia  
lagsarbeid uppe. Alle som har roynsia i lagsarbeid maa skyna at ei  
lag som hadde ein aktivt arbeidande lagsfolk paa over 100 medlemmar  
ikkje kann makta noko naar dei staar at 4.

Og denne oppgaava er det vi i styret for

Uskedal ungdomslag staar framfor. No er truiege litt vandare  
enn aa sitja paa eit kontor og fastsetja at det er ~~nykkar meining~~  
at laget skal halda fram i arbeidet.

No har vi lagt korti paa bordet, og vi segjer  
klaart ifraa um at vi 4 som idag sit istyret for Uskedal ungdomsla  
ikkje maktar aa samla ungdomen i bygdi til eit frilyndt lagsarbeid  
no. Og vi lyt framleis beda um aa verta löyste av so snart som raad.

I millomtidi vert vi sitjande i styret til vi vert avlöyst  
og laget si eiga skal vi ta vare paa so lange som vi har noko med  
det aa gjera .

Aarsmelding for aaret 1942 har vi tidlegaresendt inn  
til Hordaland Ungdomslag, men noser vi det er aarsmelding for 1942  
De vil ha. Den sender vi no i 2eksempl. Som De skynar vert ho ikkje  
fullstendig. Aaret 1942 er daa ikkje slutt endaa.

Vyrdsamt

for Uskedal ungdomslag ,

Einar Myklebust, sign.  
formann.

Knut Eide, sign.  
kassastyrar.

Johs. Röd. sign.  
varaform.

Liv Myklebust, sign.  
skrivar.

2 aarsmeldingskjema fyljer.

Avskrift.